

STEMMEDAL VASSLAG SA
Skyttenesvegen 7
6070 TJØRVÅG

Vår dato: 29.11.2021

Vår ref.: 202017025-3

Dykkar ref.: Alf Gunnar Skogen

Dam Stemmedalsvatn, Herøy kommune. Klassifisering - vedtak

Vi viser til dykkar e-post datert 17.12.2020 med vedlagt dokumentasjon for klassifisering av dam Stemmedalsvatn.

Dammen er 29 m lang, maks 3,6 m høg og har oppdemt volum på 0,45 mill. m³.

Ifølge våre opplysningar er dammen å sjå på som eit konsesjonsfritt vassdragsanlegg.

Dammen/vassvegen er foreslått sett i konsekvensklasse 0.

Vedtak

Med heimel i forskrift om sikkerhet ved vassdragsanlegg (damsikkerheitsforskrifta) § 4-1 blir dam Stemmedalsvatn sett i konsekvensklasse 0.

Grunngjeving

Saka er vurdert etter § 4-2 i damsikkerheitsforskrifta og er basert på mottatt dokumentasjon.

Dammen er vurdert til å ha ubetydelege brotkonsekvensar.

Reglar for vassdragsanlegg

Eigarar av vassdragsanlegg må gjere seg kjent med kva reglar som gjeld for sitt/sine anlegg, mellom anna at:

- alle vassdragsanlegg skal haldast ved like,
- alle anlegg og område rundt må sikrast med omsyn til allmenn bruk og ferdsel både i bygge- og driftsfasen,
- vassdragsanlegg er rett klassifisert til ei kvar tid og at det blir sendt søknad om omklassifisering dersom det skjer endringar som kan endre konsekvensklassen,
- ulykker og uønskte hendingar ved vassdragsanlegg blir melde til NVE så snart som råd.



Plikta til å følge regelverket gjeld uavhengig av konsekvensklasse, men vassdragsanlegg i konsekvensklasse 0 er unntatt frå ei rekke krav, bl.a. tekniske krav og krav til bygging og drift.

Meir informasjon om regelverket og retningslinjer/retteleiarar finst på nve.no > Energi > Tilsyn > Damsikkerhet > Regelverk.

Kommentarar

Både tekniske planar og planar for miljø og landskap skal handsamast av kommunen dersom dammen skal fornyast. Meir informasjon om krav til planlegging av nybygging/fornyning finst på våre nettsider.

Klage på vedtak

Vedtak i dette brevet kan påklagast, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Steinar Lund
Senioringeniør

Godkjent av Lars Grøttå
Seksjonssjef

Anne Rogstad
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

STEMMEDAL VASSLAG SA

Kopimottakarliste:

Herøy kommune (Møre og Romsdal)



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen.• I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltningsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no.</p> <p>NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.